

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016

Geir Angeltveit (V) sette fram forslag til tillegg til pkt 3 og nytt pkt 5.

«Pkt 3. Vurdere kapasitet (...) økonomi og venteromsfasilitetar for reisande.
Pkt 5. I anboda skal det innarbeidast krav om lærlingepllassar i alle kontraktar.»

Gustav Bahus sette på vegne av FRP, H fram forslag til endring i pkt 3 og 4 der ordet vegval vert erstatta med utvikling.

Røysting

Geir Angeltveit sitt forslag til nytt pkt 5 og endra pkt 3 vart samrøystes vedteke

Gustav Bahus sitt forslag til endringar i pkt 3 fekk 7 røyster (FRP, H, MDG, V) og fall og pkt 4 fekk 2 røyster (FRP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling med tillegget frå Angeltveit vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tar orienteringa om overordna planar for bybåtsambanda og Turistrute Hardanger til orientering.
2. Fylkesutvalet er positive til auka kapasitet på sambandet mellom Bergen og Askøy frå 2018.
3. Fylkesutvalet ber om å få lagt fram sak om strategiske vegval for bybåtsambanda Kleppestø – Strandkaien og Knarvik – Frekhaug – Bergen i forkant av utlysing av ny langsigktig kontrakt på desse sambanda. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve, økonomi og venteromsfasilitetar for reisande.
4. Fylkestinget ber om å få framlagt sak om strategiske vegval for Turistrute Hardanger i forkant av utlysing av ny kontrakt. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve og økonomi.
5. I anboda skal det innarbeidast krav om lærlingepllassar i alle kontraktar.